

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Kunne forstå og kjenne att dansk - Kunne forstå og kjenne att svensk
Engelsk	Repetisjon: vidareformidling, samhandling, skriftleg produksjon
Matematikk	Repetisjon før eksamen
Samfunnsfag	- Forklara kva ekstremisme og terror er - Diskutera årsaker til at enkelte menneske utviklar ekstreme haldningar - Reflektera over korleis me kan skape eit samfunn som er godt for flest mogleg - Fortelja om nokre terrorhandlingar eller folkemord, og seie noko om årsaker til og konsekvensar - Forklara korleis propaganda, sensur og frykt blir brukt som verkemiddel for å undertrykkje menneske eller grupper
KRLE	- Ha oversikt over religionane jødedom, kristendom og islam - Vite kva som er likt og kva som er ulikt med desse religionane
Naturfag	- Gjera greie for stråling som energitransport ved hjelp av bølger - Gjera greie for likskapar og skilnadar mellom eigenskapane til lyd- og lysbølgjer - Beskriva og utforska teknologi som utnyttar stråling til å sende og ta imot informasjon
Tysk	- Delta i samtalar om daglegdagse situasjonar - Grunngje svar med «weil-setningar»
Spansk	- Repetisjon av tidsbøyingar futurum, perfektum og gerundium på spansk - Utforskning og refleksjonar over spansktalande kulturar.
Eng fordj	- Eksperimentera med enkle omsetjingar mellom norsk og engelsk. - Identifisera kjenneteikn ved ulike teksttyper - Eksperimentera med ulike skriftlege og munnlege uttrykksformer i ulike sjangre.
Arbeidslivsfag	- Planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag - Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav
Kroppsøving	- Forstå fleire typer kart og digitale verktøy og bruke dei til å orientere seg i kjende og ukjende miljø - Anerkjenna ulikskap mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar, og inkludere alle, uavhengig av føresetnader - Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverke til framgang for andre - Trena på og utføra varierte symjeteknikkar

Musikk	Kjenna nokre sentrale musikkhistoriske epokar og musikken som tilhøyrer dei.
Kantine	- Laga god og ernæringsriktig mat - Halda god hygiene - Jobba med rekneskap og plakatdesign - Gjennomføra sal - Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fys.ak.	- Laga enkle helsefremjande måltid og reflektera over verdien av å eta saman med andre - Drøfta korleis fysisk aktivitet og kosthald kan bidra til god fysisk og psykisk helse - Øva på og gjennomføra varierte rørsleaktivitetar åleine og saman med andre
Friluftsliv	- Trygg og sporlaus ferd i nærområdet - Allemannsretten
Trafikk	- drøfta faktorer som har betydning for mobilitet, folkehelse og miljø - reflektera over og visa kva det inneber å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken og diskutera etiske dilemma i trafikken
Olweus	Klassemiljø

INFORMASJON TIL HEIMEN

Då er me inne i mai månad med mange fridagar og eksamen. Det er viktig å følgja med på årshjulet og vekeoversikten.

Eksamensperioden

Fredag 16. mai er det trekkdag til skriftleg eksamen. Elevane vil då få vita om dei kjem opp i norsk, matte eller engelsk.

Veke 21:

Eksamen i matematik er tirsdag 20. mai

Eksamen i Norsk H.M er onsdag 21. mai

Eksamen i Norsk N.S er torsdag 22. mai

Eksamen i Engelsk er fredag 23. mai

I eksamensveka vil me løysa opp timeplanane, slik at det blir meir øving på dei faga dei kjem opp i til eksamen. Eigen info og plan for dette kjem fredag 16. mai.

IPad, utstyr og eksamen

Det er særst viktig at elevane held iPadane oppdaterte, og at dei er opplada kvar dag. Til eksamen vil me ikkje dela ut utstyr elevane treng, så alle må passa på at dei har det dei treng. Hugs å ha med ladar.

17.Mai

Me på Bryne ungdomsskule har ein sterk tradisjon for å visa igjen i barnetoget på 17.mai, og me oppfordrar sterkt alle elevane på 10.trinn om å stilla opp og feira saman med resten av skulen. Fleire tilsette er også med og går i toget. Toget går frå Bryne stadion kl 09.15. Oppmøte kl 09.00.

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Samfunnsfag 10CD	Folkemord og terror	presentasjon	Veke 19/20
KRLE	Prøve om jødedom, kristendom og islam	skriftleg prøve	Veke 20 onsdag 2. time

HEIMEARBEID VEKE 20

Norsk	Les 3x20 min i boka di. Registrer sidetal til lærar i slutten av veka. Har du orden på "Bøker eg har lese" på ON?
Engelsk	Jobba med eksamensoppgåver i timane. Få oversikt over ulike typer oppgåver: lytting, lesing, vidareformidling, samhandling og skriftleg produksjon.
Matematikk	Arbeid 30 minutt i løpet av veka med tidlegare eksamensoppgåver eller anna arbeid du treng å øva på. Oppgåvene finn du i OneNote under "eksamen".
Samfunnsfag	10AB: Høyr episode 4 av NRK-podcasten Tyrann, som handlar om Benito Mussolini. Skriv eit kort samandrag av episoden på OneNote. Hugs å bruke og forklare sentrale fagomgrep som blir nemnde i episoden.

	10CD: Me fortsett med framføringar denne veka.
KRLE	Øv til prøve i tema "Midtausten".
Tysk	Sjå onenote veke 20.
Eng fordj	Read the text «What career is right for you?» p. 40-41 in textbook. How many points did you get?
Musikk	Sørg for at du får oversikt over dei musikkhistoriske epokane som blir presentert i timane: Renessansen, barokken, wienerklassisismen, romantikken og modernismen/impresjonismen. Klassane har kome noko ulikt i temaet.
Fys.ak.	Gjennomføra opplegg i eigentrening.
Friluftsliv	Avspasering for dei som var med til Bursfjell ★ Alle andre møter i klasserommet.

HEIMEARBEID VEKE 21

	Førebuing til eksamen, og eksamen.
--	------------------------------------